

**RIKSANTIKVAREN**

Postboks 1483 Vika

0116 OSLO

Dykkar ref.:

**24-01186-1**Dato: **13.06.2024**Saksnr.: **2023/72695**Dok.nr.: **8**

Sakshandsamar:

Kristian Valen

**Riksantikvarens håndverksstrategi - Svar på høring**

Vi visar til høringa av Riksantikvarens handverksstrategi. Rogaland fylkeskommune, ved tenesteområda Samfunn og Opplæring gjev med dette høyringssvar til strategien som regional kulturmiljømyndigheit og som ansvarleg for vidaregåande opplæring i Rogaland.

Høyringsfristen er satt til 14. juni, og fylkesdirektøren gjev høyringssvar i forkant av den politiske handsaminga av saka. Høyringssvaret vil bli lagt fram for politisk handsaming saman med handverksstrategien, og dei politiske vedtaka blir ettersendt så snart protokoll føreligger.

Generelle merknadar til handverksstrategien

Fylkesdirektøren vil gje ros til Riksantikvaren for å ha utarbeida ein handverksstrategi som er eit godt og konkret bidrag for å løyse utfordringar knytt til bevaring og bruk av eldre bygg, anlegg og fartøy. Det er positivt at strategien legg vekt på at utfordringane knytt til mangel på tradisjonshandverkarar må løysast av fleire sektorar, og at det blir trekt opp linjer til andre sektorar enn kulturmiljøforvaltninga, mellom anna opplæringssektoren og byggebransjen. Vi vil særleg trekke fram vektlegginga av ulike opplærings- og utdanningsmoglegheiter som eit av dei mest relevante satsingsområda som blir lagt fram i strategien.

Strategien svarer på reelle utfordringar som forvaltninga, eigarar og brukare av kulturmiljø står i, også i Rogaland. Hovudmål og strategiar i handverksstrategien er i tråd med regionalplan for kulturmiljø i Rogaland 2023-2035. Rogaland fylkeskommune og andre aktørar skal «stimulere til at tradisjonar og tradisjonshandverk blir haldne levande», for å nå målet om å ta vare på eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø i Rogaland. Ei av utfordringane for kulturmiljøvern i Rogaland, er at det samla sett er for få handverkararar med kompetanse på antikvariske teknikkar. Dette gjeld både innanfor ordinære handverksyrke som tømrarar, men også innanfor smalare handverksyrke. Fylkesdirektøren vil derfor sjå oppfølging av Riksantikvarens handverksstrategi i Rogaland i samheng med oppfølging av regionalplanen.

Handlingsplanen som skal realisere handverksstrategien, er ikkje ein del av høringa, og det er difor utfordrande å vite nøyaktig kva som krevjast for å følgje opp strategien. For at strategien skal vere effektiv og vellukka, er det avgjerande at staten set av ressursar til oppfølginga av strategien. Fylkesdirektøren vil påpeke at både

Riksantikvaren og utdanningssektoren må følge opp strategien, saman med den regionale kulturmiljøforvaltninga og bransjen.

Strategien inneheld mange ulike mål og forslag til tiltak. Blant desse bør Riksantikvaren prioritere tiltak for å auke handverkarkompetansen og auke talet aktive handverkarar med antikvarisk kompetanse. For å koma dit, meiner fylkesdirektøren at ein bør legge vekt på utdanning og kursing, nettverksbygging og bygningsvernrådgivingstenester.

#### Merknadar til strategisk satsing 1 - handverkkompetansen og -kapasiteten skal styrkes

Fylkesdirektøren er samd med Riksantikvaren i at satsing på handverkarkompetanse og kapasitet er viktig for å ta vare på kulturmiljø. Styrking av kompetanse og handverkarkapasitet i Rogaland er eit av innsatsområda til Rogaland fylkeskommune sin regionalplan for kulturmiljø. Ei strategisk satsing, slik den er skissert i høyringsdokumentet, vil vere eit relevant og nyttig verktøy for å oppnå dette. Fylkesdirektøren er nøgd med at det frå nasjonalt hald blir lagt vekt på mykje av dei same moglegheitene og verkemidla som er vurdert som naudsynte på regionalt nivå.

Fleire restaureringsprosjekt i Rogaland blir i dag ikkje gjennomført, eller gjennomført med dårleg resultat, på grunn av mangel på kvalifiserte handverkarar. Utdanning og opplæring av nye handverkarar og vidareutdanning og kurstilbod til etablerte aktørar er svært viktig for å styrke handverkarkompetansen.

Tenesteområda Samfunn og Opplæring i Rogaland fylkeskommune samarbeider for å auke opplæringsmoglegheitene for tradisjonshandverk gjennom den vidaregåande skulen og læretida. Dette er eit resultat av politiske initiativ frå fylkestinget, og det er i 2023 og 2024 lagt fram fleire politiske saker om emnet. På bakgrunn av samarbeidet i fylkeskommunen arbeider Rogaland med å etablere eit vidaregåande utdanningstilbod i tømrarfaget i samarbeid med Ryfylkemuseet og Sauda vgs.

Oppsummert vurderer fylkesdirektøren at opplæring i tradisjonshandverk bør skje gjennom styrking og vidareutvikling av dagens formelle utdanningstilbod i Rogaland. Det er særleg store moglegheiter innanfor dei større handverksfaga, som til dømes tømrar og murar. Fylkesdirektøren ser det som positivt at Riksantikvaren har tilsvarende konklusjon, og støtter Riksantikvaren i at det bør vere opplærings- og utdanningstilbod i tradisjonelle handverksfag over heile landet. Det vil krevje ei betydeleg innsats i koordinering og samarbeid mellom aktørar på kulturmiljøfeltet og utdanningsfeltet, på både nasjonalt og regionalt nivå.

Fylkeskommunane står i ei særstilling med ansvar for begge felt på regionalt nivå, og kan ta rolla som pådrivar og tilretteleggjar for at slike tilbod kan realiserast. Fylkesdirektøren vil påpeke at ei satsing på nye utdanningstilbod krev både menneskelege og store økonomiske ressursar, og dette bør kome tydeleg fram i handverksstrategien. Tilboda som finst i dag er bygd opp av eldsjelar og med stor vilje over tid. Det er ein lang veg å gå fram til tradisjonelle handverk er ein realitet i vidaregåande opplæring.

I tillegg til dei tradisjonelle byggfaga, finst det fleire fag som kunnskapsdepartementet har definert som verneverdige tradisjonshandverksfag. Dette er til dømes trebåtbyggjar, treskjærar eller smed. Riksantikvaren peiker på at ansvaret for dei minste faga bør flyttast til nasjonalt nivå. Fylkesdirektøren er samd med Riksantikvaren i dette, fordi faga er for små til å etablere fullverdige utdanningstilbod i kvart fylke.

Det er ingen høgare yrkesfagleg utdanning i tradisjonshandverk på fagskulenivå i Rogaland i dag. Slik utdanning har dobbel kostnad, både i form av utgifter til utdanning som studieavgifter, reise og opphald, samt tapt arbeidsinntekt. Fylkesdirektøren meiner at betre støtteordningar kan få fleire handverkarar til å ta høgare yrkesfagleg utdanning. Økonomiske insentiv for å sikra tilgang til gode handverkarar kan være ein mogleg veg å gå. Fylkesdirektøren oppfordrar difor til at Riksantikvaren undersøker moglegheiter for å opprette stipendordningar for handverkarar som ønsker ein tradisjonshandverkarutdanning på vidaregåande skule, fagskule eller universitetsnivå. Unge bør vere ein særleg sentral målgruppe.

Fylkesdirektøren støttar Riksantikvaren i målsettinga om å vidareutvikla ikkje-formelle opplæringstiltak i samarbeid med museum, bygnings- og fartøyvernsentre og frivillige organisasjonar. Praktisk kunnskapsoverføring, gjennom kurs og anna praktisk læring har stor verdi for kompetansespreiing i tradisjonshandverksfaga. Dei fleste tradisjonshandverkarane går ikkje eigne utdanningsløp, men lærer gjennom handlingsboren kunnskap. Difor er det viktig å legge til rette for mindre kurs, praksis og nettverk for handverkarar, organisasjonar og museum.

#### Merknader til strategisk satsing 2: Fleire bedrifter med relevant kompetanse skal ta oppdrag på kulturminne og -miljø

Fylkesdirektøren ser det som viktig at Riksantikvaren løfter dette temaet i strategien. Fleire istandsettingsprosjekt blir i dag utført av handverkarar utan kvalifisert kompetanse. Det er eit etterslep på istandsettingsoppdrag fleire stader i Rogaland på grunn av handverkarmangel. Utilstrekkeleg tilgang på naudsynt kompetanse kan føre til lågare kvalitet på utførte prosjekter. I tråd med ei av målsettingane for satsinga, nytter Rogaland fylkeskommune i dag retningslinene for sine tilskotsordningar, samt krav i dispensasjonsvedtak frå freding, til å stimulere marknaden for tradisjonshandverkarar. Det er likevel ei kjent utfordring at mottakarar av tilskot ofte må vente lenge på å få prosjekta gjennomført på grunn av ventelister hos dei handverkarbedriftene med den rette kompetansen.

Mangel på relevant kompetanse skapar krevjande forhold for bevaringsarbeidet, for både eigarar, handverkarbransjen og kulturminna. Eit av måla for den strategiske satsinga er at eksisterande nettverk, rådgjevingstenester og register skal bidra til å betre bestillarkompetanse og kople oppdragsgjevarar og handverkarbedrifter saman. Fylkesdirektøren er samd med Riksantikvaren i at bygningsvernsentre og rådgjevingstenester er eit viktig bindeledd mellom eigarar og handverkarar, og vil påpeke at slike tilbod bør vere regionale.

Når det gjeld fartøyvernsentra, så vil ei styrking av desse kunne føre til at fleire fartøy kan bli gjeve vedlikehald og sett i stand på ein meir effektiv måte. Handverka knytt til verneverdige fartøy vil i hovudsak vere smalare og krevje større markadar enn bygningshandverk, men fartøyvernrådgeving er meir ressurskrevjande. Fylkesdirektøren anbefalar derfor at fartøyvernsenter med ansvar for rådgiving, dokumentasjon og forskning framleis har ein meir nasjonal organisering og geografisk spreing.

I 2024 etablerte Rogaland fylkeskommune ein pilot for regionale rådgjevingsteneste for bygningsvern, der målgruppa er private eigarar og handverkarar. Pilotprosjektet blir avslutta i 2025. Tilbodet til rådgivingstenesta er populært og mykje brukt, og førebels tilbakemeldingar frå brukarar og musea viser at slike satsingar fungerer.

Fylkesdirektøren vil derfor påpeke ovanfor Riksantikvaren at slike lågterskeltilbud svarar seg med tanke på å kome tidleg i kontakt og rådgje eigarar og brukarar av verneverdige bygg. Ikkje minst, er det og ein arena for handverkarar til å bygge nettverk og styrke koplinga mellom eigar og handverkar.

Nytteverdien av regionale bygningsvernssentre eller tilsvarande rådgivingstenester er og skissert i meld.st. nr.16, 2019-2020, *Nye mål i kulturmiljøpolitikken*. Eit av tiltaka for å nå dei nasjonale måla i stortingsmeldinga var at ein skulle vurdere oppstartstilskot til utvikling av regionale rådgjevingstenester for private eigarar av kulturmiljø. Enn så lenge er dette ikkje følgt opp i statsbudsjettet. Fylkesdirektøren vil påpeke at statleg oppstartstøtte til etablering av slike tenestetilbud vil vere eit solid og effektivt løft for ivaretaking av kulturmiljø og stimulere marknaden for tradisjonshandverkarar.

Fylkesdirektøren er vidare samd med Riksantikvaren i verdien av gode rammer for anskaffingar og gode tilskotsordningar for å sikre at den rette kompetansen blir brukt. Riksantikvaren bør særleg peike på at offentlege aktørar må vere rollemodellar og vektlegge rette teknikkar og metodar når det gjeld vedlikehald og arbeid på deira kulturhistoriske bygg. Staten, kommunane og kyrkja har eit ansvar her, som eigar av svært mange kulturminne i Rogaland. Rogaland fylkeskommune brukar eigne tilskotsordningar og rådgiving i plan- og byggesaker aktivt for å formidle tydelege og gode kompetansekrav. Handlingsplanen bør ha tiltak med mål om å heve kompetansen hjå bestillarar.

### Merknadar til strategisk satsingsområde 3: Erfaringsbasert kunnskapsutvikling og forskning skal styrkes

Erfaringsbasert kunnskapsutvikling og forskning er et viktig premis for god og berekraftig ivaretaking av kulturmiljø, og handverkarar må ta del i kunnskapsutviklinga. Fylkesdirektøren tilrår at handlingsprogrammet følgjer opp satsinga med konkrete tiltak som let seg gjennomføre. Nettverk for handverkarar, både på lokalt og nasjonalt plan, kan være eit slikt tiltak som kan gje gode ringverkingar.

Fortidsminneforeininga har dei seinare åra arbeidd godt med etablering av ressursgrupper av handverkarar frå heile landet som jamleg utvekslar erfaringar og gjennomfører kurs for unge handverkarar. I Rogaland har foreininga Håndkraft etablert ein god tradisjon der lokale handverkarar treffest på istandsettingsprosjekt. Her kan dei diskutera ulike val av løysingar, studera material- og byggteknikk og utveksla erfaringar. Bygging av slike nettverk der erfaringsbasert kunnskap kan overførast mellom bransjefolka er viktig for kunnskapsutviklinga og for rekruttering til tradisjonelle handverksyrke. Fylkesdirektøren meiner at istandsettingsprosjekt er ein god arena for kompetanseheving og erfaringsutveksling blant handverkarar, og vil rå Riksantikvaren til å sjå på slike tiltak som ein del av det kommande handlingsprogrammet.

Fylkesdirektøren vil også påpeke at det er mykje kunnskapsoverføring mellom utøvarar av ulike tradisjonshandverk, og at alt handverk er grunnleggjande erfaringsbaserte ferdigheiter. Når det gjeld vedlikehald av verneverdige fartøy, er vår erfaring at mykje av kunnskapen blir overført frå hovud til hovud gjennom frivillig arbeid og felles prosjekter. Ei strategisk satsing på erfaringsbasert kunnskapsutvikling må derfor vere balansert opp mot meir formelle utdanningsløp og moglegheiter. Den ikkje-formelle kompetansen som blir bygd opp gjennom praktisk utføring av handverka kan vere vel så verdifull som ei formell utdanning i handverka. Vi vil derfor tilrå Riksantikvaren å sjå på korleis ein kan synleggjere og verdsette denne typen kompetanse.

### Konklusjon

Riksantikvaren har utarbeida ein relevant handverksstrategi som rettar seg inn mot aktuelle utfordringar for bevaringsarbeidet. Dette kan vere starten på eit løft for tradisjonshandverket, som det er stort behov for. Strategiane som er foreslått, tar for seg viktige moment og problemstillingar for tradisjonshandverket. Det blir peika på ulike moglegheiter for å løyse desse. Dersom den påfølgande handlingsplanen vektlegg konkrete og målretta tiltak for å gjennomføra strategiane, vil tradisjonshandverket kunne stå sterkare i framtida.

Strategi 1 knytt til handverkskompetanse og –kapasitet er særleg viktig. Dersom ein kan få til både etablering av formelle utdanningsløp knytt til tradisjonshandverket samstundes som ein oppfordrar og legg til rette for meir uformelle moglegheiter for kompetanseheving og bygging av nettverk, kan ein kanskje få fleire handverkarar med på utviklinga.

Bygningsvernrådgevingstenester eller -senter i kvar region vil vere eit stort løft for tradisjonshandverket. Slike tenester kan bidra til nettverksbygging, kursing og betre kontakt mellom eigarar og handverkarar.

Fylkesdirektøren ser fram til å lesa handlingsplanen som skal fylgje opp strategien. Korleis dei strategiske satsingane skal omsetjast til praksis og kva tiltak som blir særleg prioritert er avgjerande. Forventningane til andre aktørar på feltet må vera tydelege og “klare til å takast i bruk”. Det bør også vurderast om det i neste omgang kan fylgja nasjonale midlar med nokon av tiltaka, slik at det kan være mogleg og gjennomføre desse på regionalt eller kommunalt nivå.

Helsing  
Marianne Enoksen  
seksjonssjef

Kristian Valen  
rådgjevar

Kopi til:  
DALANE FOLKEMUSEUM  
HAUGALANDMUSEET AS  
HAUGESUND KOMMUNE  
JÆRMUSEET  
KARMØY KOMMUNE  
MUSEUM STAVANGER AS  
RIKSANTIKVAREN  
RYFYLKEMUSEET  
SANDNES KOMMUNE  
STAVANGER KOMMUNE

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.*